


Høyringsuttale til reform/endingar i studieordninga

Moment knytt til internasjonalisering

Det juridiske fakultet har i dag eit særst godt omdøme både internt ved UiB, i sektoren generelt og også internasjonalt når det gjeld arbeidet vårt med å leggja til rette for utveksling av studentar. Vi set kvart år nye rekordar i talet på innreisande utvekslingsstudentar og våre eigne studentar reiser i stort monn.

Grafen under viser kor mange av dei ferdige kandidatane våre som har vore på utveksling i løpet av studietida dei siste åra. Den nederste grafen viser UiBs måltal for kor mange som skal ha utveksling som del av graden, i same periode. Som vi ser ligg vårt fakultet heile tida over måltalet.



Dersom vi ønskjer å oppretthalda statusen som «UiB- og Noregsmestrar i utveksling» også i framtida, må vi i ei eventuell ny studieordning syta for både at det er **eit tydeleg «mobilitetsvindaug»** i utdanningsplanen og at vi har eit **attraktivt og breitt emnetilbod undervist på engelsk** for innreisande studentar. Ein føresetnad for å ha mange og gode utvekslingsavtaler som studentane våre kan reisa ut gjennom, er at vi også har eit godt tilbod til studentane frå partnaruniversiteta våre.

I eit internasjonaliseringsperspektiv er det ikkje tvil om at det er alternativ 3 som er den mest relevante og spanande skissa til ny studieordning. I denne samanheng vel eg difor å berre kommentera dette alternativet:

- Eg vil trekkja fram at det er bra at utvekslingssemesteret på 3. studieår er plassert i vårsemesteret. Grunna store skilnader i semesterdatoar kringom i verda der utveksling i haustsemesteret ofte ville strekkja seg inn i vårsemesteret her heime, er det meir praktisk med utveksling i vårsemesteret.
- Vidare vil eg slutta meg til det observerte behovet for å skilja mellom valemne på bachelornivå som kan tilbys innreisande studentar som ikkje har kome langt i studiet heime, og valemne på masternivå som kan tilbys innreisande studentar på avansert nivå i studiet

heime. Likevel vil eg understreka at når ein set eit strengt skilje mellom kva fag dei ulike utvekslingsstudentane er kvalifiserte for, er det viktig at vi har eit fullgodt tilbod for innreisande studentar *både* på bachelornivå *og* på masternivå.

- Til sist vil eg kommentera at ein må vera obs på at ettersom det i ein bachelorgrad er krav om bacheloroppgåve, vil utveksling ikkje vera eit reelt alternativ for «avstigningsstudentane» med mindre ein finn utvekslingsstader med høve for skriving av oppgåve som kan godkjennast som tilsvarande bacheloroppgåve. Innan erasmusprogrammet som kan tenkjast å bli særleg relevant ved utveksling på tredje studieår, er det sjeldan høve til å skriva oppgåve. Det er og slik at dei bilaterale avtalene våre med høve for oppgåveskriving stort sett gjeld emne på masternivå.

I tillegg til desse kommentarane som knyter seg spesifikt til det tredje alternativet som er føreslått, tillét eg meg å og spela inn nokre andre moment som gjeld internasjonalisering, og som er relevante å ta med inn i det vidare arbeidet med ny studieordning.

Juridisk engelsk og kunnskapar i andre språk

I dag reiser det store fleirtalet av studentane våre til engelskspråklege land, eller til universitet med engelskspråkleg undervisning når dei skal på utveksling fordi dei har eit ønskje om å læra seg juridisk engelsk. Samstundes veit vi at det er eit nasjonalt ønskje om, og behov for at fleire norske studentar utvekslar til Tyskland, Noregs viktigaste europeiske handselspartnar. I tilknytning til EU-systemet er det og behov for norske juristar som kan juridisk fransk.

Dersom studentane våre i større grad vert vane med å lesa, skriva og snakka juridisk engelsk gjennom studiet her heime, ville dei truleg i større grad vera opne for å nytta utvekslingsopphaldet til å perfeksjonera eit andre framandspråk.

Plassering av utveksling og følgjer for «internasjonalisering heime»¹

I dag reiser studentane våre ut i verda som det siste dei gjer i studiet. Det einaste som eventuelt står att når dei kjem heim er masteroppgåva. Det betyr at vi ikkje får nytta godt av studentane våre sin nye kunnskap og internasjonale perspektiv elles i studiet her heime. Dersom studentane våre fekk høve til å reisa ut på eit tidlegare tidspunkt i studiet, slik som det er gjort framlegg om i alternativ tre, ville dei i alle dei seinare emna på studiet ha med seg «ballasten» frå utvekslingsopphaldet og sjå det dei lærer i dei «heimlege» faga i eit meir internasjonalt perspektiv. Dette ville ikkje berre vera positivt for den einskilde student, det kan og til ein viss grad føra til meir «internasjonalisering heime» for heile studentmassen ved at studentar som har vore på utveksling tek med seg internasjonale perspektiv og kunnskap om andre lands rett inn i undervisningsromma her heime.

Vidare ville studentar som har vore på utveksling sjølv tidleg i studiet truleg ha ei større interesse av, og ein lågare terskel for, å pleia kontakt med dei mange internasjonale studentane vi til ei kvar tid

¹ For meir informasjon om «internasjonalisering heime», og fakultetets ansvar for å også syta for at dei som ikkje reiser ut får høve til å utvikla interkulturelle ferdigheiter og –kompetanse, sjå sak Studieutvalets sag 59/15.

har på Dragefjellet. Auka kontakt mellom norske og internasjonale studentar ville vera positivt både for integreringa av dei internasjonale studentane og for «internasjonalisering heime» for dei norske studentane.

Emne som legg til rette for samarbeid mellom norske og internasjonale studentar

Det er stadig ei utfordring at dei internasjonale studentane i for låg grad vert kjende med norske studentar. I tillegg til at dette er eit ønskje frå dei internasjonale studentane, utgjer dei internasjonale studentane i dag ei for lite brukt kjelde til «internasjonalisering heime».

Kan ein sjå for seg eit emne, obligatorisk eller valfritt, der undervisninga og vurderinga er innretta på ein slik måte at norske og internasjonale studentar vert nøydde til å samarbeida med kvarandre og der dei skal trekka vekslar på kunnskapen dei har med seg frå dei landa og den rettskulturen dei representerer? Ville det i så fall kan henda vera føremålstenleg å plassera dette emnet på vårsemesteret i tredje studieår slik at talet på norske studentar ikkje er så frykteleg mykje høgare enn talet på internasjonale studentar (dersom våre eigne studentar har høve til å utveksla i dette semesteret)? Eller ville det vera positivt å plassera dette emnet endå tidlegare i studiet, for slik å inspirera våre eigne studentar til sjølv å søkja seg ut i verda seinare i studiet?

Krav om engelskspråkleg emne

Det er ikkje nemnt noko om korvidt dagens krav om å ta eit emne undervist på engelsk dersom ein ikkje reiser ut er tenkt vidareført i ny studieordning. Eg vil oppmoda til at ein held fast på dette kravet, av årsaker som er grundig gjort greie for i sak 59/15 frå studieutvalets møte 25. august 2015.

Dragefjellet 19/1-18

Ingrid E. Tøsdal, rådgjevar for internasjonalisering